

Saksframlegg

Saksbehandlar: Karianne Holmboe Askeland, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/7599-21

Fylkeskommunen sin eigarskap i Njøs næringsutvikling AS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vidarefører eigarskapen i Njøs næringsutvikling AS inntil vidare.
2. Fylkestinget vurderer eigarskapen på nytt ved handsaminga av Eigarmelding 2018.

Vedlegg:

1. Notat til fylkesutvalet sitt møte 22. november om eigarskapen i Njøs næringsutvikling AS.
2. Brev frå Njøs næringsutvikling AS dagsett 06.11.17.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen etablerte Njøs næringsutvikling AS saman med Graminor AS, Gartnerhallen, Lerum AS og frukt- og bærmottaka i fylket i 2007. Føremålet var å sikre vidareføring av det viktige FoU-miljøet på Njøs etter at Graminor trekte seg ut.

Sjå vedlagte notat til møte i FU 22.11.17 og Eigarmelding 2017 for meir informasjon om Njøs næringsutvikling.

Ved handsaminga av Eigarmelding 2014, FT-sak 33/14, vedtok fylkestinget å starte ein prosess med å avvikle eigarskapen i Njøs næringsutvikling AS. Då selskapet vart oppretta, vart det lagt opp til at fylkeskommunen skulle vere ein aktiv eigar i fem til ti år for å sikre selskapet eit godt fagleg og økonomisk fundament.

I 2014 hadde fylkeskommunen vore med på eigarsida i sju år og selskapet hadde god økonomi. Fylkestinget vurderte det då slik at det ikkje var behov for at fylkeskommunen var med vidare som eigar.

Per dags dato har ein ikkje lukkast med å finne aktuelle kjøparar.

2. Ny vurdering av fylkeskommunen sin eigarskap

Ved brev av 6. november 2017 (vedlagt) vendte Njøs næringsutvikling AS seg til fylkeskommunen med ei oppmoding om å revurdere standpunktet om å selje seg ut av selskapet.

I brevet vert det opplyst at styret i Graminor AS vurderer å samle all frukt- og bærforedling på Njøs i Leikanger kommune. Njøs næringsutvikling opplyser at dette vil innebere ein høg risiko for Graminor, m.a. fordi det gjer det påkravd med store investeringar i bygningar og personal-

ressursar. Njøs næringsutvikling AS ønskjer difor at Sogn og Fjordane fylkeskommune held fram som eigar for å signalisere at fylkeskommunen framleis står bak selskapet.

Graminor AS skal handsame saka om samling av all sortsutvikling i frukt og bær på Njøs i møte 7. desember d.å. Styret i selskapet treng langsiktige signal frå fleire aktørar for å vere mest mogleg trygge på å gjere eit rett vedtak. Sjå elles vedlegg 2 for meir informasjon.

3. Konklusjon

Fylkeskommunen har til no ikkje lukkast å selje sine aksjar i Njøs næringsutvikling AS. Viss det vil gi Graminor AS naudsynt støtte, ser ikkje fylkesrådmannen noko i vegen for at eigarskapen vert vidareført inntil vidare og at spørsmålet vert vurdert på nytt i samband med Eigarmeldinga 2018.

Denne konklusjonen vert fremja med grunnlag ei uformell drøfting i FU 22.11.17.